

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
044/2016	Formannskapet i Radøy	PS	11.05.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/720	16/5967

### Nasjonal Transportplan 2018-29 - innspel

#### Saksopplysingar:

Grunnlagsdokumentet til Nasjonalt Transportplan (NTP) er sendt på høyring med frist 1.juli 2016. Hordaland fylkeskommune skal handsama sin uttale til NTP på fylkestinget 14/15. juni. I den samanheng inviterer fylkeskommunen kommunane og relevante organisasjonar til å koma med skriftlege innspel, som vil vera ein del av grunnlaget til den politiske saka. Fylkeskommunen ser gjerne at kommunane samordna sine innspel gjennom regionråda.

Regjeringa planlegg å leggja fram stortingsmeldinga om Nasjonal Transportplan våren 2017. Ferjefri E39 er eitt av satsingsområda i arbeidet med transportplanen. Stortinget har som ambisjon å binda Vestlandet saman gjennom ein opprusta og ferjefri E39 innan 2035.

Rådmannen meiner Radøy kommune i sitt innspel til NTP må understreka behovet for å få realisert Nyborgtunnelen som eit særskilt viktig prosjekt på E39. Nyborgtunnelen er spydspissen i Nordhordlandspakken AS og transportøkonomisk eit av dei beste vegprosjekta i landet. Bergensalliansen prioriterte Nordhordlandspakken – E39 Bergen-Nordhordland på topp saman med E39 til Os og Sotrasambandet til NTP 2014-2023.

Tunnelprosjektet Eikefet-Romarheim på E39 bør også prioriterast høgt i Nasjonal Transportplan, og det må arbeidast for å få realisert Sambandet Vest.

Radøy kommune bør også be om at løyvingane til fylkesvegane vert auka, og samtidig stilla forventningar til at høgaste økonomiske ramme vert lagt til grunn i arbeidet med Nasjonal Transportplan.

Radøy kommune ber Regionrådet Nordhordland om å innarbeida innspel og senda felles uttale på vegne av kommunane i regionen.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune vil koma med følgjande innspel til NTP 2018-29:  
Nyborgtunnelen er eit særskilt viktig prosjekt som må realiserast tidlegast mogleg i perioden.

Kommunen vil også prioritera E39-prosjektet Eikefet-Romarheim.

Det må arbeidast for å få realisert Sambandet Vest.

Radøy kommune ber om at løyvingane til fylkesvegane vert auka.

Det vert stilt forventningar til at høgaste økonomiske ramme vert lagt til grunn i arbeidet med Nasjonal Transportplan.

Radøy kommune ber Regionrådet senda uttale på vegne av kommunane i regionen.

### **Formannskapet i Radøy - 044/2016**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune vil koma med følgjande innspel til NTP 2018-29:

Nyborgtunnelen er eit særst viktig prosjekt som må realiserast tidlegast mogleg i perioden.

Kommunen vil også prioritera E39-prosjektet Eikefet-Romarheim.

Det må arbeidast for å få realisert Sambandet Vest.

Radøy kommune ber om at løyvingane til fylkesvegane vert auka.

Det vert stilt forventningar til at høgaste økonomiske ramme vert lagt til grunn i arbeidet med Nasjonal Transportplan.

Radøy kommune ber Regionrådet senda uttale på vegne av kommunane i regionen.

#### **Vedlegg:**

Nasjonal transportplan 2018-2029\_ invitasjon til å gje innspel (L)(80411)